



LINDÅS KOMMUNE

Kommunedelplan

Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden 2011-2023

Planforslag til høyring 24. januar-14. mars 2011



Føreord

Arbeidet med kommunedelplan Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden har grunnlag i vedtak av arealdelen til kommuneplanen i 2003. Det vart då vedteke å utarbeide kommunedelplan for dette området. Det er utarbeidd ein prosessplan for arbeidet, denne er grunnlaget for utforminga av planprosessen. Sjølv planarbeidet starta med ein idedugnad der representantar med kunnskap om og interesser i område vart inviterte til å bidra med kunnskap og problemstillingar. På dette grunnlaget vart det utarbeidd eit planprogram som var på høyring i perioden 21.05-21.07.2008, og vart fastsett av kommunestyret 18.09.2008.

Planforslaget som no ligg føre med plankart, føresegnar, konsekvensutgreiing og risiko- og sårbaranalyse vert lagt ut til offentleg ettersyn slik at innbyggjarane, organisasjonar og dei offentlege høyringsinstansane kan komme med uttalar til forslaget.

Lindås kommune har vore med i eit nasjonalt pilotprosjekt, Landskap i kommunal planlegging. Frå dette prosjektet vart det løyvd 100 000 kr til gjennomføring av landskapsanalyse. Lindås kommune har i tillegg bidrege med betydeleg eigeninnsats i samband med analysearbeidet. Arbeidet med landskapsanalysen har verdi utover dette planarbeidet som metodeutvikling og kompetanseheving i kommunen. Ansvarleg for landskapsanalysen har vore Julie Daling, Lindås kommune.

Arbeidet med kommunedelplanen har vore leia av den politiske styringsgruppa samansett av: Øystein Moldekleiv (Frp) leiar, Unni Andersen Sæbø (H) nestleiar, Linda Opdal (Frp), Kjetil Melvær (Frp), Berit Dale Øgaard (KrF), Ståle Juvik hauge (AP), Gunnar Reidar Stusdal (SP), Astrid Namtvedt Sylta/Nina Bognøy (AP), Tore Svendsen (SV).

Rådgjevingssgruppa har bidratt med faglege råd og kunnskap og har vore samansett av representantar frå Universitet i Bergen, Fylkesmannen i Hordaland, Hordaland fylkeskommune, Lyngheisenteret og grunneigarane i planområdet.

Ei administrativ arbeidsgruppe med representantar frå ulike fagområde har stått for fagleg kvalitetssikring av arbeidet. Prosjektleiar for arbeidet har vore Aslaug Aalen, Arealplan, Lindås kommune. Kartet er framstilt av Terje Villanger, Geodata, Lindås kommune.

Knarvik 22.09.2010

Planforslaget er sist revidert 21.01.11

Innhold

1.	Bakgrunn for planarbeidet.....	5
1.1	Planavgrensing	5
1.2	Plangrunnlaget.....	6
2	Organisering, medverknad og prosess	8
2.1	Organisering	8
2.2	Medverknad og prosess	9
2.3	Framdrift.....	9
3	Utfordringar og viktige problemstillingar	9
3.1	Friluftsliv	9
3.2	Funksjonell strandsone	10
3.3	Endringar i landskapet - attgroing.....	10
3.4	Reiseliv.....	10
3.5	Busetnad	10
3.6	Byggjeområde	10
3.7	Kystkultur og identitet.....	11
4	Analysar og grunnlagsmateriale	11
4.1	Landskapsanalyse.....	11
4.2	Funksjonell strandsone	13
4.2.1	Tilgjengeleg strandsone.....	13
4.2.2	Bruk	14
4.2.3	Urørt strandsone	14
4.3	Kjerneområde landbruk.....	15
5	Innspel og siling	15
6	Konsekvensutgreiing.....	16
6.1	Metode.....	16
6.1.1	Vurdering av verdi, kunnskapsgrunnlag	17
6.1.2	Vurdering av omfang	18
6.1.3	Konsekvensvurdering.....	18
6.1.4	Fareidentifikasjon ROS	19
6.2	Tilråding	19
6.3	Samla konsekvensar av planforslaget	21
7	Ros analyse.....	23
7.1	Sannsynsvurdering	23
7.2	Konsekvensvurdering.....	24
7.3	Vurdering av risiko.....	25
7.4	Fareidentifikasjon og sårbarvurdering	25
7.5	Uønska hendingar.....	26
7.6	Generelle funn for oppfølging.....	26
7.7	Oppsummering ROS – generell del	26
7.8	Risikovurdering av mogleg ny arealbruk	26
8	Planomtale	27
8.1	Mål	27
8.1.1	Hovudmål	27
8.1.2	Delmål	27
8.2	Bygg og anlegg.....	27
8.2.1	Bustadområde.....	28
8.2.2	Fritidsbustader	28
8.2.3	Tenesteyting	28
8.2.4	Fritids- og turistføremål	28

8.2.5	Næringsområde	29
8.2.6	Eksisterande byggjeområde i strandsona	29
8.3	Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur	29
8.3.1	Veg	29
8.3.2	Parkeringsplassar.....	30
8.4	Landbruks-, natur- og friluftsmål	30
8.4.1	Spreidde bustader	30
8.4.2	Spreidde næringsbygningar.....	30
8.5	Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsoner	31
8.5.1	Friluftsområde	31
8.5.2	Småbåtanlegg	32
8.5.3	Naust.....	32
8.5.4	Badeplassar.....	32
8.5.5	Drikkevatn.....	32
8.6	Omsynssoner	33
8.6.1	Sikrings- og faresoner	33
8.6.2	Soner med særskilte omsyn.....	33
8.6.3	Bandleggingssoner	35
8.6.4	Vidareføring av reguleringsplan.....	35
8.7	Byggjegrænse mot sjø og funksjonell strandsoner	36
9	Vedlegg	36

1. Bakgrunn for planarbeidet

I kommuneplan for Lindås 2003 – 2014, vedteken av kommunestyret 20.03.2003, er det sagt at det skal utarbeidast eigen kommunedelplan for Lindåsosane. Ein prosessplan for arbeidet vart vedteken av kommunestyret 21.06.06. Her vart det mellom anna arbeidd med mål for planarbeidet. Målsettinga som vart vedteke i prosessplanen og som er vidareført i planarbeidet, er å utforme ein kommunedelplan for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden som synleggjer verdiar og legg rammer for korleis området kan utviklast vidare utan at det går ut over bereevna.

Planområdet representerer eit interessant natur- og kulturlandskap og marint miljø både i norsk og europeisk samanheng. Lindåsosane er eit bassengområde med fleire øyar som ligg innanfor Lurefjorden. På øyane Lygra og Lurekalven i Lurefjorden, finn vi Lyngheisenteret, eit informasjonssenter om kystlandskapet der kystlynghei er restaurert og vert drive på tradisjonell måte.

1.1 Planavgrensing



Figur 1.1. Planavgrensing

Planavgrensinga går fram av planprogrammet som vart fastsett av kommunestyret 18.09.08. I arbeidet med avgrensing av planområdet er det tatt utgangspunkt i avgrensinga som var foreslått i kommuneplanen. Gjennom arbeidet med prosessplanen kom det innspel om at

planområdet Lindåsosane som var definert i kommuneplanen måtte utvidast til å gjelde Lygra og Lurefjorden.


Planområdet grensar i nord til kommunedelplan for Lindåsneset med Mongstad, med fylkesveg 416 (til Risa) som avgrensing. Mesteparten av Risabygda er med, vidare sørover går plangransa langs vegen til Lindås, sjølve Lindås tettstad er ikkje med. Områda langs Fjellangervågen og Eidsvatenet og vidare sørover til Vågeidet, Træland og Hundvin er med. På andre sida av Lurefjorden er Børøy, Lygra og Lurekalven med.

Planområdet er på 63 km², av dette er 31 km² havflate og 0,85 km² innsjø.

1.2 Plangrunnlaget

Arealdelen til kommuneplanen (2003-2014)

Føresegnene fastset at det skal utarbeidast kommunedelplan for Lindåsosane.



Figur 1.2. Utsnitt av kommuneplanens arealdel (2003-2014)

Innanfor planområdet er det følgjande arealbruk:

- Område for særskild bruk eller vern av sjø og vassdrag
 - o Lindåsosane: Natur- og Friluftsliv
 - o Lurefjorden: Natur-, Ferdsel-, Fiske- og Friluftsliv.
- Bustadområde – mindre område på Hundvin, Brundtland, Træland, Spjeldnes, Lindås, Risa og Indre Lygra.
- Fritidsbustader – mindre område på Ones, Træland, Kvalvåg, Spjotøy, Risa og Indre Lygra. Eit større område på Risøy.
- Akvakulturområde – ved Spjotøy (skjel)
- Næring – mindre område på Vågeidet

Det er gjeldande reguleringsplanar for ein del av byggjeområda, dei fleste eldre enn ti år.

1263-22062006	Finnesbø G.nr.112 del av b.nr.1,2 og 4
1263-200808	Risøy gnr. 81 bnr. 01
1263-28091977	Rissundet Søre Stølen småbåtanlegg gnr. 108 bnr.
1263-21062001	500
1263-16061994	Lindås nedre. Gnr. 108
1263-197701	Spjeldneset
1263-31052001	Brundtland. Del av gnr. 91 bnr.1
1263-27041981	Hundvin. Alt. C
1263-01101985	Apalbakken. Del av gnr. 108 bnr. 2
1263-17061996	Risøy, strandplan.Del av gnr. 81 bnr.1 og 2
1263-05101981	Spjotøy. Område D1 av gnr. 83 bnr. 1

Tabell 1.1. Gjeldande reguleringsplanar innanfor planområdet, status 2010.

Mange av byggjeområda i kommuneplanen er uregulerte, men delvis utbygde.

Prosjektet Indre farleia

Målet med prosjektet er å revitalisere den ein gong so travle farleia frå Fedje/Fensfjorden og til Bergen. Dette vert gjort gjennom å samle og formidle kunnskap om leia, sikre vern av viktige verdiar i området, og samstundes stimulere til vidare utvikling i og langs leia. Den indre farleia går på vestsida av Lygra og Lurekalven og vidare nordover til Austrheim. Lindåsosane er med i prosjektet som ein avstikkar til leia.

Det er utarbeidd omfattande dokumentasjon av landskap og kulturminne langs farleia med relevans for kommunedelplanen. Det er laga eigen forvaltningsplan for Lindåsosane med Lindås sjøsluser.

Landbruksplan for Lindås (2005-2008)

Hovudmålet for landbruket i Lindås er eit livskraftig landbruk og levande grender i heile kommunen.

Delmål:

- Lindås kommune skal leggja til rette for økonomisk verdiskaping, ved å vedlikehalda og utvikle dei fornybare skogressursane.
- Halde oppe sysselsettinga og verdiskapinga i landbruket
- Styrkja produksjonen av miljø- og kulturgode
- Eit sterkt jordvern
- Leggje til rette for busetting i alle grendene

Andre kommunale planar, retningslinjer og prosjekt

- Kommuneplanens arealdel (under rullering)
- Kommunedelplan for klima og energi (2010-2020).
- Kommunedelplan for Lindåsneset med Mongstad (2010-2022)
- Hovudplan vatn (under arbeid).
- Hovudplan avlaup (under arbeid).
- Kommunedelplan for trafikksikring (vedtak 2010?)
- Retningslinjer for utbyggingsavtalar
- Bustadbyggjeprogram
- Kommunedelplan for anlegg og område til idrett og fysisk aktivitet i Lindås kommune, vedteken 2007
- Kulturplan for Lindås (vedteken 2009).
- Prosjektet estetikk i bygnings- og utemiljø

Regionale planar og dokument

Fylkeskommunale planar kan verke inn på arealdisponeringa i Lindås, det gjeld m.a.:

- Fylkesplan for Hordaland (2005-2008).
- Klimaplan for Hordaland 2010-2020, regional plan.
- Fylkesdelplan for idrett og friluftsliv.
- Fylkesdelplan kulturminne (1999-2010).
- Fylkesdelplan, deltaking for alle - universell utforming 2006-2009.
- Fylkesdelplan for senterstruktur og lokalisering av service og handel 2002
- Strateginotat for reiselivsutvikling 2006-2008.
- Råd om planlegging og forvaltning av strandsona i Hordaland.
- Fylkeslandsbruksstyret, arealstrategi
- Regionalt utviklingsprogram for Hordaland 2009 (RUP)
- Fylkes ROS Hordaland 2009


Nasjonale dokument og retningslinjer

- St. meld. 26 (2006-2007) Regjeringas miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand
- St.meld. 34 (2006-2007) Norsk klimapolitikk
- St. meld. 16 (2004-2005) Leve med kulturminne
- Rikspolitiske retningslinjer for barn og unge i planlegginga
- Rikspolitiske retningslinjer for samordna areal- og transportplanlegging
- Rikspolitiske retningslinjer for universell utforming
- Forskrift om rikspolitisk bestemmelse for kjøpesentre

2 Organisering, medverknad og prosess

Opplegget for organisering og medverknad nedanfor er basert på den vedtekne prosessplanen.

2.1 Organisering



Figur 2.1. Organisering av planarbeidet

Styringsgruppe – plan- og miljøutvalet skal vere styringsgruppe. I tillegg til politiske vedtak, skal utvalet orienterast om framdrifta i arbeidet gjennom sine møte.

Rådgevingsgruppe – Stiftinga Lyngheisenteret, Universitetet i Bergen, Hordaland fylkeskommune og Fylkesmannen i Hordaland, ein representant frå grunneigarane i området. Gruppa skal gje råd til planarbeidet på bakgrunn av kunnskapen medlemmene i gruppa har om planområdet. Det vert lagt opp til møte i rådgevingsgruppa ved kvar viktige fase i planprosessen.

Arbeidsgruppe – tverrfagleg administrativ arbeidsgruppe som er sett saman av fagområda arealplan (fagleiar, landskapsarkitekt, sakshandsamar), landbruk og geodata. Arbeidsgruppa har ansvaret for den praktiske gjennomføringa av planarbeidet.

2.2 Medverknad og prosess

Det har vore lagt vekt på medverknad frå innbyggjarar og interessentar frå tidleg i planprosessen.

Idedugnad – det vart gjennomført ein idedugnad før utarbeidinga av planprogrammet. For å få fram kunnskap og viktige problemstillingar vart institusjonar, lag og organisasjonar med kunnskap om eller interesser i området, i tillegg til politikarar, inviterte til idedugnad.

Møter i bygdene - under høyringa av planprogrammet vart det halde bygdemøte på Hundvin, Lindås og Lygra.

Barn og unge - det er halde møte med einingsleiarane for skule og barnehage, og rektorar/inspektør og elevrådskontakt på aktuelle skular. Ungdomsrådet skal involverast i høyringsfasen.

Offentleg ettersyn – når planen vert lagt ut til offentlig ettersyn skal det haldast nye bygdemøte i krinsane.

2.3 Framdrift

Dei ulike fasane i planarbeidet:

1. Oppstart av planarbeidet og utarbeiding av planprogram, våren 2008.
2. Høyring av planprogram, sommaren 2008
3. Vedtak planprogram, september 2008
4. Utarbeiding av landskapsanalyse, vinteren/våren 2009.
5. Utarbeiding av kommunedelplan med konsekvensutgreiing, sommaren/hausten 2010
6. Høyring av kommunedelplan, hausten 2010
7. Vedtak kommunedelplan er venta våren 2011.

3 Utfordringar og viktige problemstillingar

3.1 Friluftsliv

Lindåsosane og Lygra har stor verdi for friluftslivet både på land og på sjøen. I den regionale kartlegginga av friluftsområde er størstedelen av planområdet gitt verdi som svært viktige område. Bergen og omland friluftsråd har laga eit padlekart for Lindås, der det er kartfesta padleløyper. Under idedugnaden kom det fram at Lindåsosane er for lite kjent og tilrettelagt i høve den store verdien for friluftslivet. Lindåsosane er eit smult farvatn, og båtar med høg fart er til ulempe for andre som ferdast på sjøen eller på land.

Eit hovudspørsmål i planarbeidet har vore korleis vi kan legge betre til rette for at fleire skal kunne bruke området, og i kva grad områda skal vere tilgjengelege for alle. Omsynet til universell utforming må balanserast mot korleis tilrettelegging påverkar til dømes naturverdi. Problemstillingar som er vurdert er mellom anna:

- Tilrettelegging av badeplassar
- Betre tilkomst til sjøområda, mellom anna for utsetting av kano/kajakk og båt.
- Universell utforming av enkelte område
- Regulering av motorisert ferdsel på sjøen

Det vert arbeidd med lokal forskrift om fartsreduksjon gjennom slusene og i Lindåsosane. Denne vert utarbeidd etter havne- og farvannsloven, og vert sendt på høyring om lag samstundes som kommunedelplanen. Lindås kommune har delegert myndet til å utarbeide slike forskrifter til Bergen og omland havnevesen.

3.2 Funksjonell strandsone

Den funksjonelle strandsona er kartfesta gjennom planarbeidet. Grunnlaget for kartfestinga er gjort i landskapsanalysen, medan sjølve fastsettinga er gjort i planprosessen. Funksjonell strandsone er grunnlaget for å avgrense nye byggjeområde mot sjø, og vil vere retningsgjevande for handsaming av søknader i LNF. Sjå også kap. 4.2.

3.3 Endringar i landskapet - attgroing

Lindåsosane og Lygra var tidlegare opne landskap prega av beitebruk og skogskjøtsel gjennom fleire tusen år. På grunn av endringane i landbruket dei siste tiåra har landskapet grodd til med skog. På Lygra og Lurekalven er det historiske landskapet gjenskapt ved tradisjonell lyngheiskjøtsel. I Lindåsosane er det berre nokre få område som er prega av beitebruk. Det vil ikkje vere mogleg å gjenskape heile det opne landskapet frå tidlegare tider.

Dette temaet kom tydeleg fram i arbeidet med idedugnad og planprogram. Det er likevel avgrensa kva ein overordna arealplan kan legge til rette for når det gjeld endringar i kulturlandskapet. I landskapsanalysen er kontinuiteten i landskapet ei viktig vurdering. Karakterstyrken og tilstanden i kulturlandskapet er med på å avgjere strategien til delområda.

3.4 Reiseliv

Gjennom idedugnaden kom det fram at området har stort potensiale i høve reiseliv. Dette er også tidlegare fokusert til dømes gjennom prosjektet den Indre farleia. Lyngheiseret er eit etablert reisemål, men treng betre overnattingskapasitet i nærområdet. Lindås sjøsluser er under restaurering. I tillegg er friluftsliv på sjø og land særlege attraksjonar.

Utvikling av reiseliv er ei stor oppgåve som ikkje kan løysast gjennom ein arealplan. Fleire overnattingsstader i planområdet er vurdert, dette er særleg aktuelt på Lygra. Gjennom tilrettelegging for friluftsliv, vert områda meir attraktive som reisemål. Etablerte reiselivsverksemder må få rom til å utvikle seg vidare. Ein hovudkonklusjon frå idedugnaden er at reisemåla må utviklast utan at det går utover naturverdiane i området.

3.5 Busetnad

Lindås kommune er i sterk vekst. Den største delen av veksten ser vi i dei sørlege delane av kommunen. Planområdet har med delar av Festo¹, Skodvin² og Lindås skulekrinsar som til saman har 2875 innbyggjarar. Desse krinsane har hatt svak auke i folketalet dei siste åra. Det bur om lag 720 personar innanfor planområdet. Størstedelen av befolkninga i krinsane bur altså utanfor planområdet.

I planprogrammet går det fram at det er eit mål å oppretthalde busetnaden innanfor planområdet, og legge til rette for at folk kan bu og halde ved like landskapet. Tilrettelegging av nye bustadområde med tanke på auka tilflytting i desse krinsane vil i likevel i hovudsak skje utanfor planområdet.

3.6 Byggjeområde

Gjennom planarbeidet har det komme mange innspel om å leggje ut nye byggjeområde for til dømes bustad, fritidsbustad og naust. Det har vore arbeid med konkrete målsettingar for planarbeidet for å sikre ei heilskapleg vurdering av innspela. På grunnlag av måla er nokre

¹ Festo og Skodvin skular er vedtekne nedlagde av kommunestyret i 2010.

²

innspel teke inn i planen, for det meste som utviding av eksisterande område, og sett i samanheng med andre interesser og verdiar i planområdet.

3.7 Kystkultur og identitet

Det er fleire automatisk freda kulturminne i planområdet, og det fins mykje dokumentasjon av kulturminne og kulturmiljø både på Lygra og Lurekavlen og i Lindåsosane. Viktige kulturminne er mellomaldergarden på Lurekalven, gravhaugane på Lygra, Lindås sjøsluser, kappelangarden på Kvalvågnes og fleire dampskipskaiar. Desse enkeltobjekta er del av ein større heilskap der kystkulturen sin utvikling gjennom fleire tusen år viser seg som spor i landskapet.

Eit viktig stikkord for kystkulturen som vi ser mange spor av i planområdet er fiskarbonden og bondekona. Den tradisjonelle kystkulturen er med på å skape identiteten til området, og det er eit mål å byggje opp under denne gjennom planarbeidet. Det er fleire kunstnarar som har henta inspirasjon frå området. Dei mest kjende er dikteren Aslaug Laastad Lygre og treskjeraren og skulptøren Katharina Saltnes.

4 Analysar og grunnlagsmateriale

4.1 Landskapsanalyse

Lindås kommune har som ein av fire kommunar i Hordaland, vore med i eit nasjonalt pilotprosjekt om landskap i kommunal planlegging. Målet med prosjektet er å forvalte landskapskvalitetar på ein betre måte gjennom kommunal arealplanlegging. Som ein del av prosjektet er det utarbeidd landskapsanalyse for planområdet til kommunedelplan Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden.

Målet med landskapsanalysen er å synleggjere korleis landskapselement som terrengformer, sjø, kulturminne, kulturlandskap og bebyggelse skaper grunnlag for oppleving, bruk og beskyttelse i ulike delar av planområdet. Landskapsanalysen synleggjer verdiar og legg rammer for korleis området kan vidareutviklast utan at det går ut over bereevna i området.


Lindås kommune har vald å prøve ut landskapskaraktermetoden som er omtala i rapporten "Vejledning om landskabet i kommuneplanlægningen" frå Miljøministeriet i Danmark (2007). Vegleiaren er basert på ein ny dansk metode for landskapsanalyser utvikla av blant andre Skov og Landskap. Landskapskaraktermetoden avdekker karaktertrekk i landskapet og kjelder til oppleving, saman med tilstanden og kor sårbart landskapet er.

Landskapskarakter :

Landskapskarakteren er det særskilte samspelet mellom naturgrunnlag og arealbruk i eit landskapskarakterområde, samt romlege og visuelle forhold som kjenneteiknar eit område og skil det frå landskap omkring.

(definisjon frå det danske miljøministeriet 2007)


Landskapskaraktermetoden er bygd opp av fire fasar:



Figur 4.1. Fasar i strategisk landskapsanalyse

Fase 1-3 er utført i landskapsanalysen, Implementeringsfasen er planprosessen, ein prosess der administrativ og politisk handsaming har vurdert landskaplege omsyn opp mot andre interesser i kommunedelplanen.

I landskapsanalysen er det gjort ein overordna omtale av landskap i planområdet. Planområdet er delt inn i delområde på grunnlag av Skog og landskap (NIJOS) sin metodikk, jf *Landskapstyper langs kyst og fjord i Hordaland, (NIJOS rapport 10/04)*. Til saman er det åtte ulike delområde. Desse områda er vurdert i høve landskapskarakterstyrke, særskild opplevingsrike område, og landskapskarakterens tilstand. På bakgrunn av dette er det laga ein *strategi* for landskapet. Innanfor kvart delområde er landskapskarakterens *styrke* og *tilstand* vurdert og ut frå dette er det sett opp om områda bør *beskyttast*, *vedlikehaldast*, *forbetrast* eller *endrast*.



Figur 4.2. Strategikartet frå landskapsanalysen

4.2 Funksjonell strandsone


Kommunen gjorde registreringar i samband med kartlegging av tiltak i strandsona hausten 2007. Dette er eit viktig grunnlag for arbeidet med funksjonell strandsone. I landskapsanalysen er følgjande tema kartlagt:

1. Tilgjengeleg strandsone
2. Bruk (m.a.basert på info frå innbyggjarane)
3. Visuell strandsone (uavhengig av vegetering)
4. Samanhengande urørt strandsone (basert på registrerte tiltak)

4.2.1 Tilgjengeleg strandsone

Den tilgjengelege strandsona er kartfesta utifrå brattleiken i strandsona, foto- og video-registreringar frå båt, supplert med synfaring frå land. Studentrapporten "Landskapsvurdering av Lindåsosane" frå 2004 (utarbeidd av Inger Hageberg og Line Merete Valle) er også lagt til grunn for soneinndeling i strandsona. Turkart og padlekart utarbeida for Lindåsosane viser opparbeidde rasteplassar, turstiar, fiske- og badeplassar. Desse momenta som seier noko om tilgjenge er samla i temakart LA32 der vi deler inn i 3 kategoriar tilgjenge:

- Utilgjengeleg: Klippekystr
- Mindre tilgjengeleg: Brattkystr
- Tilgjengeleg: Svaberg og mudderstrand



Figur 4.3. Tilgjengeleg strandsone


4.2.2 Bruk

Bruk av området er også eit kriterium for avgrensing av den funksjonelle strandsona. Det kan vere snakk om sjøtilknytta bruk, som gamle sjøbruksmiljø eller oppdrettsanlegg med base på land. Veglinjer kan vere ei anna bruksmessig avgrensing. Vegen har gjerne over tid ført til ulik bruk av areal på oversida i høve nedsida av vegen. Gjennom idèdugnad arrangert ved oppstart av kommunedelplanen, har vi også fått inn lokal medverknad for å lokalisere bruk av strandsona, til dømes badeplassar (jf fig. 4.3).

4.2.3 Urørt strandsone

Kartlegging av tiltak i strandsona vart gjennom registrering og synfaring utført hausten 2007 (Prosjektet "Ulovleg bygging i strandsona"). I vår fastsetjing av samanhengande urørt strandsone, støttar vi oss på definisjonar og metode som er utvikla i notat 2006/50 frå SSB. Her vert areal som ligg nærmare 100 meter frå ein bygning (større enn 15m²) definert som bygningspåverka. Lindås kommune har gjort registreringar av andre tekniske inngrep i strandsona som private kaier, flaggstenger, bygg mindre enn 15 m² m.m. Kring desse inngrepa har vi definert arealet innanfor radius 50 m som bygningspåverka.

Sona som vert sett i temakart LA31 kan fortelje noko om kva ein oppfattar som ikkje-private, allmente tilgjengelege areal, og såleis i denne samanheng urørt som strandsone. Utifrå temakartet er det rekna ut at 35% av strandsona i planområdet er berørt (jfr. definisjon på berørt sone).



Figur 4.4. Samanhengande urørt strandsone

4.3 Kjerneområde landbruk

Kjerneområde landbruk er kartlagt. Kjerneområda representerer dei mest verdifulle landbruksareala i Lindås, både med omsyn til dyrka mark og kulturlandskap. Kjerneområda er kartlagde ut frå:

- Større samanhengande jordbruksareal
- Driftsomfang (søknader om produksjonstilskot i jordbruket)
- Kulturlandskap

5 Innspel og siling

I samband med høyring av planprogrammet og oppstart av planarbeidet kom det inn 72 innspel, både frå privatpersonar og offentlege høyringspartar. Dei fleste innspela gjeld endringar i arealbruk slik som naust, fritids- og turistføremål, bustader og fritidsbustader. Kommunen har og komme med eigne forslag som er konsekvensutgreidd. Oversikt over innkomne innspel og utført siling er gitt i tabell i vedlegg E.

Område med lovleg bruk som ikkje er i samsvar med den gamle planen, har fått ny arealbruk i planforslaget som samsvarar med gjeldande bruk. Det er i hovudsak ikkje utført KU på desse områda.

Det er utført ei siling av innspela med tanke på kva område som skal konsekvensutgreiast. Dette arbeidet er gjort saman med styringsgruppa utifrå ei fagleg vurdering og måla som er sett for planarbeidet.

- Bustader – dersom ikkje i strid med målformuleringar, med i KU
- Fritidsbustader - dersom ikkje i strid med målformuleringar, med i KU
- Flytebrygger – berre med i KU dersom i samanheng med anna utbygging
- Småbåthamner – alle med i KU, alternativvurdering
- Naust – berre med dersom ok jf kriteria, sjå under.
- Badeplassar – alle med, alternativvurdering
- Div. friluftsliv – med i KU dersom relevant i høve arealplan
- Fritids- og turistføremål – alle med dersom ikkje openbar konflikt
- Næringsområde - alle med dersom ikkje openbar konflikt

Kriteria for naust

Utgangspunktet er at behovet for oppbevaring av båtar og tilkomst til sjø skal dekkast ved felles anlegg av småbåthamner og offentleg tilgjengelege slippar.

Det kan opnast for naust etter vurdering av desse kriteria:

1. Dersom ikkje urørt strandsone
2. Dersom naust frå før – aktuelt med fortetting? (NB! Kulturmiljø). Unngå nye enkeltnaust
3. Dersom vegtilkomst og parkering er på plass.
4. Dersom det ikkje er konflikt med viktige område for badeplass/friluftsliv

I vurderinga skal sumverknaden av ulike kriteria takast med.

Konsekvensutgreiinga er grunnlaget for kva område som er lagt inn i planforslaget. Nummereringa som er brukt på områda i KU refererer til innspelsnummeret. Dei områda som er teke med i planforslaget har fått eit nytt områdenamn. Samanhengen mellom desse nummereringane går fram av tilrådinga til slutt i KU, sjå tabell 6.1.

6 Konsekvensutgreiing

Planar som set rammer for framtidig utbygging skal ha ei særskilt vurdering og skildring av konsekvensane for miljø og samfunn. Dette går fram av plan- og bygningslova §4-2. Konsekvensutgreiingsforskrifta utdjupar kravet til konsekvensutgreiing (KU), og utgreiinga som ligg føre i samband med kommunedelplan for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden er utarbeidd med utgangspunkt i føringane i lov og forskrift.

Vurderingane skal vera på oversiktsnivå, og dei skal beskrive verknadane for miljø og samfunn av nye områder for utbygging eller vesentleg endra arealbruk i eksisterande byggeområde.

6.1 Metode

Metodisk er det teke utgangspunkt i Statens vegvesen si handbok 140 "konsekvensanalyser"³ samt metodikken i konsekvensutgreiing av kommunedelplan for Lindåsneset med Mongstad 2010-2022. Metoden er tilpassa lokale tilhøve og dette planarbeidet. Det er lagt opp til ei konsekvensutgreiing i tre fasar:

- *Verdi*. Ei vurdering av kor verdifulle dei ulike tema er innafor planområdet.
- *Omfang*. Ei vurdering av kor stort inngrep tiltaket vil medføre for dei ulike tema
- *Konsekvens*. Ei samla vurdering av verdi og omfang.

³ Statens vegvesen 2006. Konsekvensanalyser nr 140 i vegvesenet sin handbokserie

Planprogrammet (fastsett 18.09.2008)⁴, skisserer utgreiingstema som har fått si vurdering i gjennomgangen av kvart enkelt område:

- Friluftsliv
- Dyre- og planteliv på land og marint
- Landbruk
- Helse
- Kulturminne og kulturmiljø
- Trafikk på sjø
- Beredskap og risiko

I tillegg til tema nemnd i planprogrammet bør klima og energi også vurderast i samsvar med kommunedelplan for klima og energi⁵ og forskrift om konsekvensutgreiingar.

For kvart område er det sett opp ein tabell med relevant informasjon og kart som viser innspelet sett i samanheng med gjeldande arealbruk i kommuneplanen og på strategikartet frå landskapsanalysen. Vidare i tabellen er alle utgreiingstema vurdert i høve verdi, omfang og konsekvens, og til slutt kjem samla vurdering og konklusjon for kvart enkelt område.

6.1.1 Vurdering av verdi, kunnskapsgrunnlag

Landskap

Vurderinga av landskap er utført i ein eigen landskapsanalyse⁶, sjå kap 4.1. Analysen konkluderer med ein strategi for landskapet som er vist i kartet med område som skal beskyttast, forbetrast, vedlikehaldast eller endrast. Dei ulike strategiane inneber ulike tilnærmingar til utvikling av områda (sjå også fig 4.1):

Beskytte (orange) - Utviklinga skal ikkje føre til forringing av dei karaktergjevande landskapselementa. Endringar skal skje som ledd i beskyttelse eller forbetring av areala.

Vedlikehalde (fiolett) - Endringar som ein del av vedlikehald av landskapskarakteren (stadbunden næring). Tiltak/arealbruk som har konsekvensar for landskap bør vurderast i høve til korleis det spelar på lag/samspillet med landskapskarakteren.

Endre (grøn) - Område med lite landskapsmessig verdi att, kan transformerast. Ved endring av areala sitt landskapsuttrykk skal det takast omsyn til det omkringliggjande landskapet.

Der tilstanden i områda er dårleg, viser strategikartet dette slik:

Beskytte og forbetre (gul)

Vedlikehalde og forbetre (mørk lilla)

Gjennom arbeidet med landskapsanalysen er det utført grundige synfaringar som også har gitt eit godt kunnskapsgrunnlag for andre tema enn landskap.

Friluftsliv

For friluftsliv er den regionale kartlegginga av friluftsområde lagt til grunn, supplert med lokale vurderingar. Område som er svært viktige i den regionale kartlegginga er gitt høg verdi her.

Dyre- og planteliv

Data frå Artsdatabanken og kommunen si viltkartlegging og naturtypekartlegging er lagt til grunn for vurdering av dyre- og planteliv.

⁴ Lindås kommune 2008: Planprogram – Kommunedelplan for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden

⁵ Lindås kommune 2010: Kommunedelplan for klima og energi 2010-2020

⁶ Lindås kommune 2009: "Landskapsanalyse for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden"

Landbruk

Det er utarbeidd eit kart der kjerneområde landbruk i kommunen er kartfesta. Til grunn for kartlegginga av kjerneområde ligg verdi som produksjonslandskap og kulturlandskap. Større samanhengande område er lagt særleg vekt på. I KU er det lagt til grunn at areal innanfor kjerneområde landbruk har særleg verdi for landbruket.

Helse

Temaet er vurdert i høve fysisk aktivitet, tilgjenge for alle, nærmiljøkvalitetar og andre relevante faktorar for folkehelsa. Det er særleg teke omsyn til verdi og konsekvens for barn og unge.

Kulturminne og kulturmiljø

Til grunn for vurderinga av konsekvens for kulturmiljø ligg databasen Askeladden (automatisk freda kulturminne), Sefrak-registeret (verneverdige bygningar) og lokal kunnskap om nyare tids kulturminne.

Trafikk på sjø

Ei viktig problemstilling i planarbeidet er ferdsel på sjøen. Korleis nye tiltak påverkar trafikken på sjø er difor vurdert der det er aktuelt.

Beredskap og risiko

Fare for ulike typar skred, havnivåstigning og andre farar er vurdert. Der det er identifisert fare, vert dette teke vidare til risiko- og sårbaranalysen.

Det er brukt følgjande skal for verdi

- Låg verdi: Lokal interesse og verdi.
- Middels verdi: Regional interesse og verdi.
- Høg verdi: Nasjonal interesse og verdi

For landskap er det strategien som kom fram i landskapsanalysen som er sett inn i staden for verddivurdering (beskytte, vedlikehalde, forbetre, endre).

6.1.2 Vurdering av omfang

Omfangsvurderingane er eit uttrykk for kor store negative eller positive endringar det aktuelle alternativet vil medføre for det enkelte område. Omfanget er vurdert i høve til alternativ 0, som er ingen tiltak i området.

Skala for omfang

- Stort negativt omfang: Tiltaket vil vere øydeleggande for det aktuelle tema
- Middels negativt omfang: Tiltaket vil redusere verdien av det aktuelle tema.
- Lite eller ubetydeleg omfang: Tiltaket har ingen særskilt innverknad på tema.
- Middels positivt omfang: Tiltaket vil betre verdien av det aktuelle tema
- Stort positivt omfang: Tiltaket vil i stor grad betre verdien av det aktuelle tema.

6.1.3 Konsekvensvurdering

Konsekvensvurderinga er ei sammenstilling av det enkelte tema sin verdi og tiltaket sitt omfang. Konsekvensvurderinga er gjort for kvart enkelt innspel både for det einskilte tema og som ei samla vurdering av alle tema. Det er også foreslått avbøtande tiltak.

6.1.4 Fareidentifikasjon ROS

I samband med vurdering i risiko- og sårbaranalyse (ROS), skal det utførast:

1. Overorda sårbarvurdering
2. Fareidentifikasjon
3. Analyse av risiko for uønska hendingar
4. Identifikasjon av risikoreduserande tiltak

Punkt 1 og 2, sårbarvurdering og fareidentifikasjon er utført i samband med konsekvensutgreiinga. Punkt 3 og 4, analyse av risiko og identifisering av risikoreduserande tiltak, vert utført som eit eige vedlegg (D). Oppsummering er gjengitt i kap 7 under.

6.2 Tilråding

På bakgrunn av den utførte konsekvensutgreiinga av aktuelle område for endra arealbruk, vert følgjande nye areal tilrådd teke inn i planforslaget:

Område namn	Innspel nr	Areal i kvm	Stad	Arealføremål
B1	29 c	4140	Brundtland	Bustader
B2	65	40702	Risa	Bustader
B3	41 a	2776	Lygra	Bustader
B4	72	22028	Risa	Bustader
Sum nye bustadareal		69646		
FB1	41 b	9605	Lygra	Fritidsbustader
FB2	41 b og 45	4541	Lygra	Fritidsbustader
FB3	46	6304	Lygra	Fritidsbustader
FB4	32 b	17560	Spjotøy	Fritidsbustader
FB5	1	8539	Mikkelvågen	Fritidsbustader
FB6	42	4019	Træland	Fritidsbustader
FB8	60	142	Syslak	Fritidsbustader
Sum nye fritidsb.areal		50710		
T1	73	16239	Lindås	Tenesteyting, skule
T2	76	22797	Lygra	Tenesteyting
Sum nye t.ytingareal		39036		
FT1	69	2889	Vågseidet	Fritids- og turistformål
N1	64	5995	Galtenes	Næring
N2	6 og 7	3864	Vågseidet	Næring
Sum nye næringsareal		9858		
P1	29 o	767	Lyngbø	Parkeringsplass
P2	23 b	748	Kvalvågnes	Parkeringsplass
Sum nye p-areal		1515		
SB1	19 i og 29 e	20476	Hauge	Spreidde bustader
SB2	30a	13509	Ones	Spreidde bustader
SB3	30a	40071	Kvalvåg	Spreidde bustader
Sum nye LNF spreiddB		74056		
SN1	11	1976	Lygra	Spreidde næringsbygningar
SN3	33	1871	Lygra	Spreidde næringsbygningar
SN4	33	849	Lygra	Spreidde næringsbygningar

SN5	12 og 31	690	Mikkelvågen	Spreidde næringsbygningar
SN6	59	846	Kvalvågnes	Spreidde næringsbygningar
SN2	11	5185	Lygra	Spreidde næringsbygningar
Sum nye LNF spreiddN		11417		
SBH1	69	1802	Vågseidet	Småbåthavn
SBH2	15	5305	Risa	Småbåthavn
SBH3	75	13668	Lygra	Småbåthavn
Sum nye småbåthavn		20775		
NA1	1	468	Mikkelvågen	Friluftsområde, naust
NA2	19 e	38	Marås	Friluftsområde, naust
NA3	38	94	Lygra	Friluftsområde, naust
NA4	79	718	Risa	Friluftsområde, naust
NA5	80		Risa	Friluftsområde, naust
Sum nye naustareal		1318		
FBP1	24	2616	Saltnes	Friluftsområde, badeplass
F1	23a	1142	Lindås	Friluftsområde
F2	23 d	14947	Dragøy	Friluftsområde
F3	27	1610	Børøy	Friluftsområde
F4	74	30447	Lygra	Friluftsområde
Sum nye friluftssareal		50762		

Tabell 6.1. Tilråding frå KU, nye arealføremål.

Ein del område har endra føremål i planforslaget som følgje av gjeldande bruk. Det er ikkje utført KU på desse områda.

Områdenamn	Føremål	Stad	Informasjon
FB9	Fritidsbustad	Risa	Tilpassing til gjeldande reguleringsplan
FT2	Fritids- og turistføremål	Kvalvågnes	Gjeldande bruk
FBP2	Badeområde	Lyngbø	Gjeldande bruk
FBP3	Badeområde	Ytre Lygra	Gjeldande bruk
FBP4	Badeområde	Vågseidet	Gjeldande bruk
FBP5	Badeområde	Indre Lygra	Gjeldande bruk
F5	Teltplass	Marås	Gjeldande bruk
B5	Bustad	Finnesbø	Tilpassing til gjeldande reguleringsplan

6.3 Samla konsekvensar av planforslaget

Dei samla konsekvensane av planframlegget med tilrådd ny arealbruk og føresegnar er vurdert under. Vurderingane er gjort for planframlegget totalt sett, for kvart utgreiingstema, og er sett opp som anten negative eller positive.

Landskap

- + Lite ny utbygging i område som har strategi *beskytte* i landskapsanalysen
- + Område som er eksponert mot sjø er avgrensa i høve funksjonell strandsone
- + Krav i føresegnene om at reguleringsplanar skal bygge på landskapsanalyse
- Ny utbygging kan føre til endring av landskapskarakteren i nokre område
- Vanskeleg å utarbeide føresegnar som sikrar at landskapskarakteren vert teke vare på i planområdet

Friluftsliv

- + Betre tilrettelegging for padling, bading og turgåing
- + Meir tilgjengelege friluftsområde gjennom avsetting av parkeringsplassar og turveggar
- + Grunnlag for utvikling av tilkomst til Lindås sjøsluser
- Har ikkje funne nok område for sjøsetting av fritidsbåtar

Dyre- og planteliv

- + Ikkje ny utbygging i registrerte leveområde for trua artar eller verdifulle naturtypar
- + Dei viktige viltområda og naturtypene er merka med omsynssone *bevaring naturmiljø* i kartet

Landbruk

- + Kjerneområde landbruk er merka med omsynssone *særleg omsyn til landbruk* i kartet.
- + Det er opna for gardsturisme på fleire gardar, gjennom område for spreidde næringsbygningar
- + Område for spreidd bustadbygging er sett av og skal sikre busetnad i bygdene som er føresetnad for landbruksdrift.
- Vanskeleg å tilrettelegge for å unngå attgroing i ein arealplan
- Eitt bustadområde og noko spreidd utbygging innanfor kjerneområde landbruk

Totalt er 328,3 da LNF gått over til andre føremål. 268,6 daa er tilbakeført til LNF, men dette gjeld i hovudsak område i strandsona som er mindre viktige for landbruket.

Helse

- + Legg til rette for meir fysisk aktivitet gjennom friluftsliv
- + Sikrar kvalitet og omfang av leikeområde og nærmiljø i føresegnene.
- + Universell utforming av bygningar og anlegg er lagt til grunn i føresegnene
- Vanskeleg å vere konkret på helseverknader med eksisterande kunnskapsnivå

Kulturminne og kulturmiljø

- + Ingen nye byggjeområde i konflikt med kjende kulturminne
- + Nyare tids kulturminne med regional og nasjonal verdi er vist med omsynssone *bevaring kulturmiljø* i kartet
- + Planforslaget legg grunnlaget for å sikre landverts tilkomst til Lindås sjøsluser
- Ukjent om det er SEFRAK-bygningar (registrerte verneverdige bygningar) i nye byggjeområde

Beredskap og risiko

- + Ingen utbygging i fareområde

- Tiltak i strandsona vil vere utsette for stormflo og generelt høgare vasstand i framtida.
- Nye bustadområde i område med dårleg vegtilkomst.

Trafikk på sjø

- + Planforslaget prioriterar umotorisert ferdsel i Lindåsosane
- + Utviding av eksisterande småbåthamner og eitt nytt område, betrar situasjonen for båtplassar i området.
- Konflikten mellom høg fart og mjuke trafikantar til sjøs lar seg ikkje løyse gjennom ein arealplan

Klima og energi

- + Det er sett krav om gode energiløysingar ved utarbeiding av reguleringsplan
- Dårlig kollektivtilbod i planområdet gjer at ny arealbruk vil føre til meir bruk av bil. Omfanget av ny utbygging er likevel lite, og det bur relativt få menneske innanfor planområdet.

Samla sett legg planforslaget i liten grad til rette for nye byggjeområde. Dette kjem av planområdet sin karakter og målet med planarbeidet. Dette fører til lav konfliktgrad med dei fleste utgreiingstema. Fokus i planarbeidet er retta mot tilrettelegging for friluftsliv og ivaretaking av landskaps-, kultur- og naturverdiar. Det er til dømes sett av om lag like mykje areal til friluftsliv som det er sett av til framtidige område for fritidsbustader.

7 Ros analyse

Risiko- og sårbar(ROS)-analysa er utarbeidd i samsvar med plan- og bygninglova §11-3 og NS 5814:2008. Lindås kommune er i ferd med å utarbeide overordna ROS-analyse og akseptkriteria er vedtekne av kommunestyret i sak 3/10, 11.02.2010. Dei vedtekne akseptkriteria er lagt til grunn i denne ROS-analysen.

Målet med ROS analyse er å etablere ei systematisk tilnærming til fare og framtidige uønska hendingar, slik at nødvendige risikoreduserande tiltak kan identifiserast og takast omsyn til.

7.1 Sannsynsvurdering

Kor ofte ei uønska hending/tilstand kan skje, vert beskrive med hjelp av omgrepet sannsyn (hendingsfrekvens). Sannsynsvurderinga byggjer på erfaring, nye trendar (f.eks. ekstremt vær), prognoser og vurderingar gjort på bakgrunn av lokal erfaring. Kategoriar for sannsyn brukt i denne analysen er dei same som er brukt i den overordna ROS-analysen i kommunen og som det er lagt opp til i kommunestyresak 3/10 om metodeval og akseptkriteria.

Tabell 5.1. Kategoriar for sannsyn

F O R K L A R I N G	S1 –Lite sannsyn -leg	1 hending kvart 100 år eller sjeldnare.
	S2- Mindre sannsyn -leg	Meir enn 1 hending kvart 100. år, men mindre enn 1 hending kvart 50.år
	S3 – Sannsyn -leg	Meir enn 1 hending kvart 50. år, men mindre enn 1 hending kvart 10. år
	S4 – Mykje sannsyn -leg	Meir enn 1 hending kvart 10. år, men mindre enn 1 hending pr. år
	S5- Svært sannsynleg	Meir enn ei hending pr.månad

7.2 Konsekvensvurdering

Konsekvenskategoriane er definert for tap av verdiar knytt til menneske, liv og helse (M,L,H), ytre miljø og økonomi. Kategoriane er oppsummert i tabellane under.

Tabell 6.1. Konsekvenskategoriar Menneske, liv og helse (M,L,H)

FORKLARING	K1 – ubetydeleg	Ingen personskadar
	K2 – Mindre alvorleg	Få og små personskadar
	K3 – Betydeleg	Få, men alvorlege personskadar.
	K4 – Alvorleg	Opptil 5 døde, og/eller 10 alvorleg skadde, og/eller 250 evakuerte.
	K5 - Svært alvorleg	Meir enn 5 døde, og/eller meir enn 10 alvorleg skadde, og/eller meir enn 250 evakuerte.

Tabell 6.2. Konsekvenskategoriar Miljø

FORKLARING	K1 – ubetydeleg	Ingen miljøskadar eller forureining av omgjevnadene
	K2 – Mindre alvorleg	Mindre skadar på miljøet som utbetrast etter kort tid
	K3 – Betydeleg	Miljøskadar av stort omfang, men med middels alvorleg-heit, eller skadar av lite omfang, men med høg alvorlegheit
	K4 – Alvorleg	Store og alvorlege miljøskadar
	K5 - Svært alvorleg	Langvarig, i verste fall alvorleg skade på miljøet

Tabell 6.2. Konsekvenskategoriar Økonomi

FORKLARING	K1 – ubetydeleg	Materielle/økonomiske skadar/tap avgrensa opp til kr. 10 000
	K2 – Mindre alvorleg	Materielle/økonomiske skader/tap avgrensa opp til kr. 100 000
	K3 – Betydeleg	Materielle/økonomiske skader/tap avgrensa opp til 1 million kroner
	K4 – Alvorleg	Materielle/økonomiske skader/tap avgrensa opp til 10 millionar kroner
	K5 - Svært alvorleg	Materielle/økonomiske skader/tap på over 10 millionar kroner

7.3 Vurdering av risiko

I risikovurderinga er uønska hendingar plassert inn i ei risikomatrise som produkt av sannsyn og konsekvens. Akseptkriteria for risiko kjem fram av dei farga sonene, som er tilpassa settet av kriterium:

Tabell 7.1. Risikomatrise

S A N N S Y N L E G	5 Svært sannsynleg					
	4 Mykje sannsynleg					
	3 Sannsynleg					
	2 Mindre sannsynleg					
	1 Lite sannsynleg					
		1 Ubetydeleg/ ufarleg	2 Mindre alvorleg	3 Betydeleg	4 Alvorleg	5 Svært alvorleg
K O N S E K V E N S						

Hvis ein av dei tre temaene (M,L og H – Miljø – Økonomi) sine akseptkriteria (K1-K5) eller sannsynlegheitsvurderinga kjem i gul sone eller raud, vil det seia at hendinga har ein betydeleg risiko, og tiltak skal vurderast.

For dei scenaria som ligg i **raud sektor**, er risikoen uakseptabel. Det må difor snarast setjast i verk risikoreduserande tiltak for å få desse forholda innanfor akseptable rammer.

Også når det gjeld scenario i **gul sektor**, bør tiltak bli vurdert for å betra sikkerheita.

Scenarier i **grøn sektor** er i utgangspunktet uttrykk for akseptabel risiko, men ytterlegare risikoreduserande tiltak av vesentleg karakter skal gjennomførast når det er mogeleg utifrå økonomiske og praktiske vurderingar.

7.4 Fareidentifikasjon og sårbarvurdering

Farar er identifisert og det er gjennomført siling av aktuelle hendingar ved hjelp av sjekkeliste. Aktuell naturrisiko, verksemdsrisiko og sårbare objekt er omtalt og vurdert i høve sårbarhet. På dette grunnlaget er uønska hendingar identifisert i tillegg til generelle funn for oppfølging.

7.5 Uønska hendingar

Det er gjort funn ein ei uønska hending som er relevant for arealbruken:

UH-1: Stormflo som medfører vasstand opp i byggeområde og bygningar langs sjøen. Området blir vurdert som sårbart for ei slik hending.

Hendinga vert vurdert som *sannsynleg* med opptil *middels konsekvens* for materielle verdier.

Oppsummert er dette ei gul hending der tiltak skal vurderast.

Bygningar, anlegg, installasjonar og anna kritisk infrastruktur som kan ta skade av høg vasstand, bør ikkje ligge lågare enn 2,5-3 meter. Om dei må ligge lågare enn dette må dei utformast slik at høg vasstand ikkje skadar dei.

7.6 Generelle funn for oppfølging

- Skog og lyngbrann – hindre attgroing med vegetasjon tett innpå busetnad, hyttefelt og kritisk infrastruktur.
- Trafikkfare – trafikksikring i samband med utbygging av nye område.
- Skipsfart/drukning – utarbeide lokal forskrift om fartsreduksjon i Lindåsosane, informasjon om trykkleik på sjø.

7.7 Oppsummering ROS – generell del

På bakgrunn av kjent dokumentasjon, lokal kunnskap og synfaring av området, er det ikkje gjort funn av hendingar med uakseptabel risiko i planområdet. Det er også gjort funn av ei hending som representerer ein akseptabel risiko, men som bør gjevast risikostyring gjennom sikker drift av areala. Avbøtande tiltak er fremja. Det er også foreslått oppfølging av generelle tema som trafikktryggleik, ferdsel på sjø og skog- og lyngbrann.

7.8 Risikovurdering av moglege ny arealbruk

I konsekvensutgreiinga er det gjort ein identifikasjon av farar knytt til kvart enkelt innspel. Mange av innspela til ny arealbruk går heilt ned til sjø, og slik utbygging vil vere utsett for høg vasstand (UH1).

På bakgrunn av konsekvensutgreiinga og ROS-analysen er alle byggjeområde i planforlaget, (bustader, fritidsbustader, tenesteyting, fritids- og turistføremål og næring), avgrensa i høve strandsona slik at det ikkje er nokre område som går ned til sjø. Faren for materielle skadar grunna høg vasstand er slik eliminert.

Når det gjeld føremålet bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsoner, vil naust og småbåthamner vere utsette for havnivåstiging og her bør avbøtande tiltak settast i verk. Av føresegnene bør det gå fram at det må takast omsyn til høg vasstand ved planlegging og utbygging.

8 Planomtale

8.1 Mål

8.1.1 Hovudmål

Synleggjere verdiar og legge rammer for korleis området kan utviklast vidare utan at det går ut over bereevna.

Berevne vert her relatert berekraftig utvikling. I føremålsparagrafen til plan- og bygningslova heiter det at *"Loven skal fremme bærekraftig utvikling til beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjoner."* I Naturmangfaldlova er også berekraftig utvikling sentralt i føremålsparagrafen: *"Lovens formål er at naturen med dens biologiske, landskapsmessige og geologiske mangfold og økologiske prosesser tas vare på ved bærekraftig bruk og vern, også slik at den gir grunnlag for menneskenes virksomhet, kultur, helse og trivsel, nå og i fremtiden, også som grunnlag for samisk kultur."*

Berekraftig utvikling ligg altså til grunn for lovverket som sett rammer for arealplanlegginga. I dette planarbeidet er dette konkretisert i delmåla under, og er ein del av grunnlaget for dei vurderingane som er gjort av ny arealbruk.

8.1.2 Delmål

- Sikre særleg karakteristisk landskap, større samanhengande friluftsområde og verdifullt natur- og kulturmiljø, gjennom omsynssoner og krav om reguleringsplan.
- Legge til rette for friluftsliv og oppleving for allmenta, til dømes offentleg tilgjenglege båtslippar og badeplassar med tilkomst og parkering.
- Oppretthalde busetnaden innanfor planområdet ved å legge til rette for ei forsiktig utbygging i tilknytning til etablert busetnad, som LNF-spreidd eller mindre byggjeområde.
- Legge til rette for småskala fritids- og turistføremål der det ikkje kjem i konflikt med natur-, bustad- og næringsinteresser eller andre viktige samfunnsinteresser
- Legge til rette for mindre område for fritidsbustader i tilknytning til eksisterande område, der det ikkje kjem i konflikt med natur-, bustad- og næringsinteresser eller andre viktige samfunnsinteresser
- Sette av område for småbåthamn
- Opne for utviding/fortetting av eksisterande naustområde, der tilhøva ligg til rette for det
- Finne fram til område som kan prioriterast for skjøtsel av kulturlandskapet

8.2 Bygg og anlegg

Dette kapittelet handlar om dei nye byggjeområda i planen som er sett av etter plan og bygningslova § 11-7.nr 1. Arealbruken for byggjeområde i tidlegare kommuneplan er i hovudsak vidareført i ny plan. Unntak er eitt område på Hundvin som er tilbakeført til LNF, sjå kap 8.5., og ein del område i strandsona som på grunn av ny byggjegrænse er omgjort til LNF, sjå kap 8.3.2.

8.2.1 Bustadområde

Målsetnaden for bustadbygging har i planarbeidet vore å oppretthalde busetnaden innanfor planområdet ved å legge til rette for ei forsiktig utbygging i tilknytning til etablert busetnad, som LNF-spreidd eller mindre byggjeområde. Risa har den største utvidinga av bustadområde med B2 og B4 på til saman 45 daa. Eksisterande byggjeområde er utvida noko på Brundtland (B1) og Indre Lygra (B3). LNF-område der spreidd bustadbygging er tillate, er omtala i kap.8.5.1.

8.2.2 Fritidsbustader

Målsetnaden for fritidsbustader har i planarbeidet vore å legge til rette for mindre område for fritidsbustader i tilknytning til eksisterande område, der det ikkje kjem i konflikt med natur-, bustad- og næringsinteresser eller andre viktige samfunnsinteresser. Hovudvekta av eksisterande fritidsbustader er på Risa, Risøy, Spjotøy, Træland, Kvalvågnes, Ones og Lygra. Eit område ved Mikkelvågen (Kvalvågnes) er sett av (FB5), men er alt delvis utbygd. Områda på Spjotøy og Lygra er utvida, og det er nokre mindre justeringar på Træland. Det er i alt sett av 51 daa til nye område for fritidsbustader. På Risøy er eit område innafor reguleringsplan for Risøy gnr. 81 bnr. 01, men som låg som LNF i kommuneplanen gjort om til byggjeområde (FB9).

Strandplan for del av gnr. 81 bnr.1 og 2, Risøy, vedteken 28.04.1978, og reguleringsplan for del av gnr 83 bnr 1, Spjotøy, vedteken 04.06.1981, er eldre planar som ikkje held mål som reguleringsplanar etter dagens standard. Desse skal difor ikkje lenger gjelde som reguleringsplanar. Ved nye tiltak er det i føresegnene sett krav om ny reguleringsplan, med unntak av tiltak etter PBL § 20-2. Dei utbygde delane som ligg innanfor byggjegransa mot sjø i desse planområda held fram som fritidsbustadområde i kommunedelplanen, medan område som ligg i byggjeforbodssona er gjort om til LNF, jamfør kap 8.3 om uregulerte byggjeområde.

8.2.3 Tenesteyting

Det er sett av areal til utviding av Lindås barneskule (T1), og ved Lurefjorden er det sett av eit område til forskingssenter på Lygra (T2). T2 er tenkt til framtidig forskingssenter knytt til den vitskaplege verksemda i Lurefjorden og Lindåsosane. Området ligg rett ved parkeringsplassen og snuplassen til Lyngheisenteret. Det vil vere ei føremon å samle aktiviteten her, slik at ein kan ha felles nytte av infrastruktur og verksemda elles.

8.2.4 Fritids- og turistføremål

Ein av målsetnadane i planarbeidet har vore å legge til rette for småskala fritids- og turistføremål der det ikkje kjem i konflikt med natur-, bustad- og næringsinteresser eller andre viktige samfunnsinteresser. Der det er aktuelt med gardsturisme er områda sett av til LNF-område der spreidde næringsbygningar er tillate, sjå kap 4.5.2. Når det gjeld fritids- og turistføremål er det ikkje sett av nye areal for utbygging, men to område som alt er utbygd til føremålet, og som tidlegare låg i LNF, er sett av. Dette gjeld Vågseidet, FT1 (Vågseidstranda) og Kvalvågnes, FT2 (Grafikernes feriehem).

8.2.5 Næringsområde

Nye næringsområde er ikkje ein prioritet i dette planarbeidet. Likevel er det sett av mindre areal til utviding av to eksisterande verksemdar, Rognaldsen bakeri (N1) på Lindås, og hotellet Lune huler (N2) på Vågseidet.

8.2.6 Eksisterande byggjeområde i strandsona

Av den nye plan- og bygningslova § 1-8 om forbod mot tiltak langs sjø og vassdrag, følgjer det at byggeforbodet gjeld så langt ikkje anna byggegrense er fastsett i kommuneplanens arealdel eller reguleringsplan. I PBL85 §17-2 var det eit unntak i byggjeforbodet for areal avsett til byggjeområde. Ved utarbeiding av planar etter pbl. 2008, må det difor alltid takast konkret stilling til spørsmålet om utbygging skal tillatast nærare sjøen enn 100 meter. Dersom dette ikkje er gjort vil forbodet gjelde. Den nye lova innfører med dette ei stor endring i høve den gamle, og dette har vore eit viktig tema i planarbeidet.

Område med vedtekne reguleringsplanar

Her gjeld byggjegrensene som er gitt i reguleringsplanen ved avgrensing av byggjeføremål. Reguleringsplanane er gjennomgått, og byggjegrensa i kommunedelplanen er sett slik det går fram av reguleringsplanen. Områda for gjeldande reguleringsplanar er vist med omsynssone.

Uregulerte byggjeområde

Mange av byggjeområda for bustader og fritidsbustader i kommuneplanen er uregulerte og går ned til sjø. For desse vil det etter ny lov vere ulovleg å byggje innanfor 100 m mot sjø dersom kommunen ikkje fastset anna grense. I planarbeidet er alle desse områda gått gjennom, og ny byggjegrense er sett. Byggjegrensa er for det meste lagt utanfor utbygde tomtar, slik at eksisterande bygningar i hovudsak skal kunne utbetrast og mindre tiltak på eigedomane vil vere tillate. Dei areala som vert liggjande i byggjeforbodssona er endra frå byggjeområde til LNF. Desse områda er vist som framtidige i kartet og har ein kraftigare grønfarge enn eksisterande LNF.

8.3 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur

Dette kapittelet gjeld areal sett av etter plan og bygningslova § 11-7.nr 2. Dette arealføremålet er nytta for å legge fast areal for eksisterande eller nye samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur.

8.3.1 Veg

Det er ikkje lagt inn nye trasear for kjøreveg i planen. I samband med eksisterande bustadområde på Brundland vil det vere behov for gangforbindelse til fv 57. Det er lagt inn tre ulike alternativ for gang/sykkelveg (GV1), reguleringsplanen for området skal avklare kva som er det beste alternativet.

Det er lagt inn lokalturveg (TV3) mellom Hundvinsvatnet og Nykkevatnet og vidare til Trælansvågen med tanke tilgjenge for padlarar mellom vatna og Lindåsosane. Det er også

lagt inn lokalturveg (TV2) i det sikra friluftsområdet på Kvalvågneset, og ned til teltplassen på Marås (TV1).

8.3.2 Parkeringsplassar

Det er sett av areal til parkering ved badeplassen på Lyngbø (P1), ved det sikra friluftsområdet på Kvalvågnes (P2) og ved teltplassen på Marås (P3).

8.4 Landbruks-, natur- og friluftsmål

Dette kapittelet gjeld areal sett av etter plan og bygningslova § 11-7.nr 5. Landbruk-, natur- og friluftsområde (LNF) vert oppretthalde som i gjeldande kommuneplan. Nødvendige tiltak for landbruk er tillate.

Eitt område har gått over frå bustadområde til LNF i tilknytning til Hundvinfeltet. Dette er no sett av til LNF på bakgrunn at det ikkje var aktuelt å byggje ut området med bustader.

Ein del uregulerte område i strandsona som tidlegare var byggjeområde har gått over til LNF, sjå kap 4.3.2.

8.4.1 Spreidde bustader

Ein av målsetnadene for planarbeidet har vore å oppretthalde busetnaden innanfor planområdet ved å legge til rette for ei forsiktig utbygging i tilknytning til etablert busetnad, som LNF-spreidd eller mindre byggjeområde. Det er lagt ut tre nye område for spreidde bustader, SB1 på Hauge, SB2 på Ones og SB3 på Kvalvåg. Dette skal vere med på å oppretthalde busetnaden i desse bygdene. Det vert opna for 3 hus i kvart område i planperioden. Føresegnene sikrar at ei slik utbygging ikkje skal gå utover landbruksdrifta i områda.

8.4.2 Spreidde næringsbygningar

På fleire gardar i planområdet har det komme innspel om gardsturisme. Ein av målsetnadane i planarbeidet vore å legge til rette for småskala fritids- og turistføremål der det ikkje kjem i konflikt med natur-, bustad- og næringsinteresser eller andre viktige samfunnsinteresser. Særleg på Lygra er behovet stort for overnattingsplassar, og det er sett av areal til spreidde næringsbygningar på to gardsbruk (SN1-SN4). I begge tilfella er det sett av areal både i tunet og ved sjø. Når det gjeld SN4 som ligg ved sjø vil det ikkje vere tillate med overnatting i eksisterande eller nye husvere, men området skal nyttast til sjørelaterte aktivitetar.

På Kvalvågnes er det også sett av eit areal (SN5) ved sjø til sjørelaterte aktivitetar og eit område som er tenkt nytta til utleige/overnatting (SN6). Det er opna for 1 ny bygning i kvart område med unntak av SN4 og SN5. Føresegnene fastset mellom anna utbyggingsvolum og at aktiviteten ikkje skal gå utover beite eller dyrka mark.

8.5 Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone

Dette kapittelet gjeld areal sett av etter plan og bygningslova § 11-7.nr 6. Føremålet gjeld sjø og vassdrag, overgangen mellom sjø og land og dei sjønære landareala.

Det meste av sjøområdet er sett av til bruk og vern sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone, det som etter PBL 85 var Natur-, ferdsel-, fiske- og friluftsliv. I kommuneplanen er områda innanfor Lindåsosane sette av til Natur- og friluftsliv. Gjennom arbeidet med kommunedelplanen er dei viktige natur- og friluftsinteressene kartlagt og har fått omsynssoner eller arealføremål. Det er naturleg at sjøområda også omfattar ferdsel og fiske, då dette begge er nødvendige aktivitetar i dette sjøområdet. I planen er det difor ikkje differensiert mellom ulike arealføremål i sjø. Eksisterande område for akvakultur (skaldyr) er vidareført frå kommuneplanen, det same er låssetjingsplassar og gyteplassar. Det er lagt inn ein ny gyteplass etter oppdatering frå Fiskeridirektoratet.

8.5.1 Friluftsområde

Det er eit sentralt mål i planarbeidet og legge til rette for friluftsliv og oppleving for allmenta, til dømes offentleg tilgjengelege båtslippar og badeplassar med tilkomst og parkering. Det er tidlegare etablert paddeløyper i området med fleire raste- og teltplassar. Gode stader for utsetting av kano/kajakk med tilhøyrande parkering har det vore mangel på. Det er no sett av fleire friluftsområde til dette føremålet. Tanken er at desse med tida kan sikrast og tilretteleggjast gjennom Bergen og omland friluftsråd. Ein av desse bør tilretteleggjast med tanke på tilgjenge for alle (universell utforming). Nokre av områda har krav om reguleringsplan for å sikre ei heilskapleg utvikling. Område som er nytta til rasting/telting har fått omsynssone friluftsliv.

Slusene ved Spjotøy er eit verdifullt kulturminne som er i ferd med å bli sett i stand. Området er vanskeleg tilgjengeleg frå land og det svekkar tilstanden som kulturhistorisk viktig område. Det er sett av eit større område til friluftsliv (F4), med tanke på tilrettelegging for tilkomst. Det er behov for parkeringsplass ved veg med tursti vidare fram til sjøen og slusene, samt istandsetting av eit naust til fasilitetar for besøkande. For å skjerme tun kan det verte nødvendig med tiltak på bnr 3. Tilkomsten vil medføre tiltak i strandsona, og bør gjennomførast med god landskapstilpassing. Det skal utarbeidast reguleringsplan for området.

I planarbeidet er det søkt etter eigna plassar for å sette ut fritidsbåtar. Det er berre eitt område som er sett av (F3) på Børøy. Det er fleire stader å setje ut båtar i dag, men desse er ikkje enkelt tilgjengelege for allmenta, til dømes småbåthamna på Risa og Vågseidstranda. Ettersom det har vore vanskeleg å finne nye tilgjengelege plassar, bør kommunen arbeide for å opprette avtalar med private aktørar, slik at utsetting av småbåtar vert meir tilgjengeleg.

I samband med paddeløypene i området er det lagt til rette for ein del raste- og teltplassar. Dei fleste av desse er vist med omsynssone friluftsliv i plankartet, men eitt område er sett av til friluftsområde (F5), på Marås.

Oversikt over bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone – friluftsområde:

- F1 – Lindås, utsetting av kano/kajakk, parkering
- F2 – Dragøy/Spjotøy, parkering, utsetting av kano/kajakk, bading (plankrav)
- F3 – Børøy, utsetting av småbåt
- F4 – Slusene (plankrav)
- F5 – Marås, teltplass, eksisterande
- F6 – Lygra, ilandstigingspunkt for småbåt

8.5.2 Småbåtanlegg

Eit av måla i planarbeidet har vore å sette av område for småbåthamn. Det er sett av eitt nytt område til småbåthamn på Lygra (SBH3). Anlegget er tenkt til gjestehamn for besøkande til Lygra. Dette området ligg like ved vegsystemet og parkeringsanlegget til Lyngheisenteret. Det skal utarbeidast reguleringsplan for tiltaket, der også tilkomst og parkering må visast.

Det vert opna for utviding av eksisterande småbåthamn på Vågseidet (SBH1), denne låg ikkje inne i kommuneplanen, men utbygd område og foreslått utviding er no lagt inn i planforslaget. Småbåthamna på Risa (SBH2) er foreslått utvida i breidda og noko i lengda, arealet er meir enn dobla. Det er sett krav om reguleringsplan for denne utvidinga. I reguleringsplan for Apalbakken. Del av gnr. 108 bnr. 2 er det opna for båthamn, men plangrensa går ikkje ut i sjøen. Ettersom småbåthamn her er utbygd er det i planforslaget no vist som småbåthamn (SBH4).

8.5.3 Naust

Eit mål for planarbeidet har vore å opne for utviding/fortetting av eksisterande naustområde, der tilhøva ligg til rette for det. Eit område i Mikkelvågen som alt er utbygd med ein del naust er sett av til naustområde (NA1), og det er opna for fortetting med eitt naust. I utkanten av Utlurvågen som er eit etablert naustmiljø, er det opna for eitt nytt naust (NA3). På Risa er det sett av to område (NA4 og NA5) med plass til 3 naust i kvart. I tillegg er det opna for istandsetting av nausttufter (NA2) på Marås.

8.5.4 Badeplassar

Når det gjeld badeplassar har konsekvensutgreiinga vurdert ulike alternative lokalitetar for ein tilrettelagt badeplass, og har konkludert med at badeplassen på Saltnes (FBP1), bør utviklast vidare. I tillegg er dei mest brukte badeplassane sett av til friluftsområde (FBP2-FBP5), desse er ikkje med i konsekvensutgreiinga då det ikkje er tenkt vidare utbygging/tilrettelegging her. Det er og sett av areal til parkering ved ein badeplass ved Lyngbø (P1). Universell utforming av badeplass er ivareteke utanfor planområdet på Fanebust. Dette område ligg nokså nært busetnaden på Lindås.

- FBP1 – Saltnes, badeplass (plankrav)
- FBP2 – Lyngbø, badeplass
- FBP3 – Naustvika, Ytre Lygra, badeplass
- FBP4 – Vågseidstranda, badeplass
- FBP5 – Skjelvika, Indre Lygra, badeplass

8.5.5 Drikkevatn

Rotevatn er drikkevassskjelde og er sett av til dette føremålet.

8.6 Omsynssoner

Dette kapitlet gjeld ulike soner sett av etter plan og bygningslova § 11-8. Omsynssonene skal vise omsyn og restriksjonar som har betydning for bruken av areala.

8.6.1 Sikrings- og faresoner

Fareområde høgspenninger H 370

Sona omfattar område som er i faresona for høgspenningsanlegg.

Sikringssone industrivassforsyning H 190

Sona viser nedslagsfelt for industrivassforsyning, Sjursetvatn, Eidsvatn, Skodvinvassdraget, Tykkhellervatn og Austevatn.

Sikringssone drikkevatn H 110

Sona viser nedslagsfelt for drikkevatn, Rotevatn.

8.6.2 Soner med særskilte omsyn

Landbruk H510

Areal som er omfatta av kjerneområde landbruk har fått omsynssone landbruk. Kjerneområda er kartlagde ut frå: Større samanhengande jordbruksareal, driftsomfang (søknader om produksjonstilskot i jordbruket) og kulturlandskap.

Interesser knytt til tema landbruk skal ha særskilt vern innafor sona.

Stad	Informasjon	Omsynssone namn
Lygra	860 dekar jordbruksareal, 13 bruk, større samanhengande jordbruksareal, vesentleg fastmark, kulturlandskap.	oL1
Kvalvåg/Ones	660 dekar, 13 bruk, større nokså samanhengande, jordbruksområde, mykje myrjord, kulturlandskap.	oL2
Hundvin	200 dekar jordbruksareal, 3 bruk berre delar av Hundvin garden er innafor planområdet. Jordbruksarealet er fastmark, kulturlandskap og sett under eit er det eit større samanhengande jordbruksområde som er mykje større enn talet som er oppgjeve.	oL3
Fjellanger	290 dekar jordbruksareal 9 bruk. Kriteriet for at Fjellanger er med er kulturlandskap.	oL4
Syslak	520 dekar jordbruksareal 6 bruk, men berre eit er i dag i sjølvstendig drift, men det er i dag eit av dei største bruka i kommunen.	oL5
Risa	220 dekar, 3 bruk. Her er berre delar av Risa garden med i planen. Jordbruksarealet er mykje myrjord, men lett driven og kulturlandskap.	oL6
Fjellsende	Berre ein mindre del av denne garden kjem inn i planområdet.	oL7

Landskap H550

På grunnlag av landskapsanalysen er har ein del av dei områda som skal beskyttast fått omsynssone landskap. Dette er spesielt viktige område der interesser knytt til tema landskap skal ha særskilt vern innafor sona. Ein del område som i landskapsanalysen er identifisert som særleg opplevingsrike for friluftsliv eller kulturmiljø, har fått slike respektive soner, sjå under.

Stad	Informasjon	Omsynssonenamn
Lygra	Kulturlandskap	H_570 LS/K
Ådnøy m.m	Urørt holmelandskap	oLS2
Spjeldnes	Kulturlandskap, særleg visuelt eksponert	oLS3

Friluftsliv H530

Mindre område som er nytta til friluftsliv, til dømes raste- og teltplassar har fått omsynssone friluftsliv. Det sikra friluftsområde på Kvalvågnes som vert forvalta av Bergen og omland friluftsråd er vist som omsynssone friluftsliv. Området frå Pinebenken og gjennom slusene har omsynssone bevaring kulturmiljø i kombinasjon med friluftsliv. Interesser knytt til tema friluftsliv skal ha særskilt vern innafor desse sonene.

Stad	Informasjon	Omsynssonenamn
Risøy sør, Midthagen	Teltplass	oF1
Lauvøy	Teltplass	oF2
Nordre	Teltplass	oF3
Kvernhusholmen		
Bordvika	Teltplass	oF4
Kvalvågnes	Teltplass	oF5
Børøy	Ved vik i hytteområde	oF6
Kvalvågnes	Sikra friluftsområde Kvalvågnes	oF7
Lindås sjøsluse	Lindås sjøsluse-Pinebenken	H_530 K/F

Bevaring naturmiljø H560

Område med særlege verdiar for vilt eller verdifulle naturtypar har fått omsynssone bevaring naturmiljø. Interesser knytt til dette naturmiljøet skal ha særskilt vern innafor sona. Informasjon om verdiane ligg i Artsdatabanken og kommunen si vilt- og naturtypekartlegging.

Stad	Omsynssonenamn
Vest for Engholmen	oN1
Lygra	oN2
Trelandstjørna	oN3
Klammersholmane	oN4
Bjørnøyna	oN5
Brakøyosen	oN6
Nøkkvatnet	oN7
Nord for Ådnøyna	oN8
Fjellanger	oN9
Marås	oN10

Onestangen	oN11
Fjellanger, Fjellsende	oN12
Hundvin, Ones	oN13
Gaulen, Spjeldnes	oN14

Bevaring kulturmiljø H570

Nokre område med særskilde kvalitetar som kulturmiljø har fått omsynssone bevaring kulturmiljø. Dette gjeld området langs Prestelva på Lindås, området frå Pinebenken og inn til slusene, brusundet mellom Lygra og Børøy, den trondhjemske postveg og oppgangssag i Kvalvåg. Interesser knytt til desse kulturmiljøa skal ha særskilt vern innafor sona.

Stad	Informasjon	Omsynssonenamn
Dordihaugen, Prestebrua	Kulturmiljø, elv, bru	oK1
Kvalvåg, sag	Kvalvåg, sag	oK2
Lindås sjøsluse	Lindås sjøsluse-Pinebenken	H_530 K/F
Brundtland	Den trondhjemske postveg	oK3

8.6.3 Bandleggingssoner

Bandlegging etter lov om naturvern H720

Naturreservat er vist med denne sona.

Bandlegging etter lov om kulturminne H730

Automatisk freda kulturminne er vist med denne sona.

8.6.4 Vidareføring av reguleringsplan

Sona viser reguleringsplanar som framleis skal gjelde, H 910. Plan-id er oppgjeve i kartet. Alle plan-id byrjar med 1263-, for dei plan-id som har mange siffer er dei første siffera teke ut for å få plass i tekstfeltet i kartet. Komplette plan-id er vist i tabellen under.

Strandplan for del av gnr. 81 bnr.1 og 2, Risøy, vedteken 28.04.1978, og reguleringsplan for del av gnr 83 bnr 1, Spjotøy, vedteken 04.06.1981, er eldre planar som ikkje held mål som reguleringsplanar etter dagens standard. Desse skal difor ikkje lenger gjelde som reguleringsplanar. Ved nye tiltak er det i føresegnene sett krav om ny reguleringsplan, med unntak av tiltak etter PBL § 20-2.

Plan-id	Plannamn
1263-22062006	Finnesbø G.nr.112 del av b.nr.1,2 og 4
1263-200808	Risøy gnr. 81 bnr. 01
1263-28091977	Rissundet
1263-21062001	Søre Stølen småbåtanlegg gnr. 108 bnr. 500
1263-16061994	Lindås nedre. Gnr. 108
1263-197701	Spjeldneset
1263-31052001	Brundtland. Del av gnr. 91 bnr.1
1263-27041981	Hundvin. Alt. C
1263-01101985	Apalbakken. Del av gnr. 108 bnr. 2

8.7 Byggjegrense mot sjø og funksjonell strandsone

Gjennom landskapsanalysen er grunnlaget lagt for å fastsette funksjonell strandsone, sjå kap 4.2.

I LNF-områda er funksjonell strandsone vist som eit tematisk lag, det vil seie ei linje som ikkje er juridisk bindande. Linja vil vere nyttig i handsaminga av enkeltsaker, til dømes dispensasjonar. For ein del øyar er heile arealet omfatta av funksjonell strandsone, her er linja naturleg nok ikkje vist, men av føresegnene går det fram av øyane ligg i funksjonell strandsone.

Fastsetjing av funksjonell strandsone langs vassdrag er ikkje prioritert i denne planomgangen. Det er ingen byggeområde ned til vassdrag i planområdet.

Den funksjonelle strandsona er brukt som grunnlag i konsekvensutgreiinga for å avgrense nye byggeområde. Der nye byggeområde går nærare sjøen enn 100 m er det fastsett ei juridisk bindande byggjegrense i samsvar med PBL §1-8, denne går fram av kartet.

I område som er sett av til Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsone, (friluftsliv, småbåthamn, naust, badeplass), kan det og verte aktuelt med byggjetiltak, til dømes parkeringsplass, mindre bygningar for friluftsliv. Her er byggjegrensa sett til kote 0. Det vil i dei fleste områda som er aktuelle for slik tilrettelegging vere krav om reguleringsplan, denne vil detaljere plassering av byggjetiltaka.

9 Vedlegg

- A Plankart
- B Føresegner
- C Konsekvensutgreiing
- D Risiko- og sårbaranalyse
- E Silingstabell med alle innspel